

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 14.09.2020
Vår ref.: 200707841-98
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Rákkøčearro vindkraftverk - NVE sender over klage på avslag på søknad om utsett frist for idriftsetting av 06.07.2020

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) av slo i vedtak av 06.07.2020 ein søknad om utsett frist for idriftsetting av Rákkøčearro vindkraftverk trinn III. Vedtaket er påklaga av Advokatfirmaet Selmer AS, på vegne av Varanger KraftHydrogen AS.

Klagen er gitt innan klagefristen og tilfredsstillar dei andre vilkåra for klagerett i forvaltningslovens kapittel VI. NVE har forberedt klagen i tråd med forvaltningsloven § 33.

Vi kan ikkje sjå at klagen gir grunnlag for å endra vårt vedtak av 06.07.2020. Klagen blir derfor oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) for endeleg avgjerd.

Bakgrunn

Varanger Kraft AS sendte melding til NVE om Rákkøčearro (Raggovidda) vindkraftverk 21.11.2003. På grunnlag av meldinga fastsette NVE eit utgreiingsprogram 18.11.2004. NVE tok imot konsesjonssøknaden om å bygga og driva Rákkøčearro vindkraftverk 14.12.2005. Søknaden vart sendt på høyring 16.02.2006 og Varanger Kraft AS fekk konsesjon til Rákkøčearro vindkraftverk 07.06.2010.

Konsesjonsvedtaket vart ikkje påklaga. Utbygginga vart delt opp i to byggetrinn grunna avgrensa nettkapasitet. Dette vart seinare utvida med eit tredje byggetrinn. Trinn I vart satt i drift i 2014, medan trinn II er under bygging. I 2019 vart konsesjonen for trinn III, overført til Varanger KraftHydrogen AS (VKH).

VKH søkte NVE 16.04.2020 om utsett frist for idriftsetting til 31.12.2026. NVE av slo i vedtak av 06.07.2020 søknaden frå VKH.

Klagen

VKH klaga på NVEs vedtak i brev av 19.07.2020. I det følgande er dei vesentlegaste klagegrunnene frå VKH samanfatta.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



VKH meiner NVE i sitt avslag ikkje har vurdert søknaden etter det vurderingstemaet som følger av energiloven § 10-4 (2)

VKH meiner at konsesjonsmyndigheitene etter søknad har plikt til å utføra ei konkret vurdering i det enkelt tilfellet om lovens vilkår for endring av konsesjonsvilkåra er til stades. VKH meiner NVE ikkje gjennomførte ei nærmare realitetsbehandling av søknaden, men la avgjerande vekt på sitt eige brev av 27.11.2019 samt Stortingets vedtak 19.06.2020. VKH meiner vidare at utsegnene i Stortingsmelding nr.25 (2015 – 2016) eller Stortingets vedtak av 19.06.2020 ikkje kan tas til inntekt for å setta § 10-4 ut av spel.

VKH viser også til at Stortingets i vedtak la til grunn at innstrammingane i NVEs praksis for å gi fristutsetting måtte skje «innenfor gjeldene regelverk». Det var dermed ikkje Stortingets føremål å endra retningslinjer eller å setta til side heimelen for å utføra villkårsendringar etter § 10-4.

NVE har misforstått Stortingets vedtak av 19.06.2020 og Stortingsmelding 25 (2015-2016)

VKH er ikkje einig med NVEs tolking og bruk av Stortingsmelding 25 (2015-2016) og Stortingets vedtak av 19.06.2020. Det følger direkte av stortingsvedtakets ordlyd at ein skal ta utgangspunkt i handlingsrommet «innanfor gjeldene regelverk» i vurdering av om fristutsetting skal innvilgast. Dette er i tråd med alminneleg rettskjeldelære, kor Stortingets vedtak er vurdert som etterfølgjande praksis og har lågare trinnhøgde enn lov, forarbeid og rettspraksis.

Vidare meiner VKH at ein ikkje kan forstå Stortingsmelding 25 (2015-2016) som at det ikkje lengre skal gis fristutsetting.

Behovet for fristutsetting er basert på forhold utanfor VKHs kontroll

VKH viser til at søknaden om utsett frist for idriftsetting er grunngjeven i forhold som er utanfor deira kontroll. Det er ein mellombels mangel på kapasitet i transmisijsnett som hindrar utbygging innan dagens frist.

VKH meiner konsesjonsmyndigheitene har vore kjent med kapasitetsutfordringane, men har likevel valt å tildela konsesjon i fleire trinn. Det må leggest til grunn at NVE var innforstått med at det ville bli behov for å søka om utsetting av fristen for idriftsetting av den siste byggetrinnet.

VKH viser også til at dei har ein plan for realisering sjølv før nettkapasiteten vert auka, ammoniakk/hydrogenproduksjon.

Teknologi- og industriutvikling i regionen

VKH viser til OEDs brev av 19.06.2020 der det kjem fram at konsesjonsmyndigheitene vil leggja vekt på kunnskap og teknologiutvikling «i de tilfellene det søkes om forlengelse av eller endring i konsesjonen og av vilkårene». Etter VKHs syn må føreseielegheit vega tung, spesielt i eit tilfellet der to av tre byggetrinn prosjektet allereie er realisert.

VKH skriv vidare at kraftleveransar frå Rákkóčearro trinn III inngår også som innsatsfaktor i ammoniakkfabrikk med hydrogenproduksjon og at prosjektet har brei støtta i Berlevåg kommune.

NVEs vurdering av klagen

I vedtaket vårt av 06.07.2020 vurderte NVE fordelane og ulempene ved ei utsett frist for idriftsetting. VKHs søknad om konsesjonsendring vart handsama etter energilova § 10-4 annet ledd. I forarbeida er det blant anna uttalt at endringar etter søknad frå konsesjonæren «kan være aktuelle dersom



konsesjonæren kan påvise at et tyngende vilkår ikke lenger fremmer sitt formål eller at fordelene ved et vilkår ikke lenger står i forhold til omkostninger det medfører for konsesjonæren».

Etter NVEs vurdering medfører noverande vilkår om idriftsetting av vindkraftverket innan 31.12.2021 mest sannsynleg til at konsesjonen ikkje kan realiserast jf. vårt vedtak av 06.07.2020, noko som medfører vesentlege omkostningar for konsesjonæren.

Dette vart vege opp mot vårt brev av 27.11.2019 til alle konsesjonærar der vi opplyste om at frist for idriftsetting normalt ikkje ville forlengast utover 31.12.2021. Det er berre i særskilte tilfelle der konsesjonæren har kome langt i byggearbeida, men uventa forhold hindrar idriftsetting innan fristen at NVE likevel kan forlenga fristen for idriftsetting utover 31.12.2021. NVE meiner det ikkje er oppfylt i dette tilfellet.

Vi viser også til Stortingets vedtak av 19.06.2020, der gjeldande forvaltningspraksis og politikk er at ein ikkje ynskjer utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk på land i Noreg utover 31.12.2021.

Vi viser samtidig til at det er mogleg å vurdera prosjektet på nytt av NVE etter at Stortinget har handsama Stortingsmelding 28 (2019-2020) Vindkraft på Land, som kan leia til nye konsesjonsprosessen for vindkraftsaker.

Konklusjon

NVE kan ikkje sjå at det i klagen er komen fram nye opplysningar som gir grunnlag for å endra vårt vedtak av 06.07.2020. Klagen blir derfor oversendt Olje- og energidepartementet til endeleg avgjersle i medhald av forvaltningsloven § 33.

Alle sakens dokument blir gjort tilgjengeleg for departementet gjennom internettløysinga SeDok.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Berlevåg kommune
VARANGER KRAFTHYDROGEN AS